



Roy Lervåg byr på topp musikk og svært velsmakande servering denne veka!

**Denne torsdagen er det igjen komlerulling hos SmakifråOska. Sist det var komlebuffè der kom det så mykje gjester på det populære tilbudet at det gjekk tomt i 17-tida. Komletorsdagen er starten på ei rekkje kjekke arrangement denne veka. Den vert fulgt opp med tapaskveld, fredag, jazz på laurdag før det vert avslutta med herleg søndagsmiddag.**

Fredag er det klart for ei nyskaping når tapas står på menyen på det som vert annonsert som eit 'lønningstreff' eller 'vennegjengtreff'. Dette er eit velsmakande og sosialt tilbud som er retta mot arbeidsplasser, kollegagrupper og vennegjengar. Her må ein hugse bordbestilling innan onsdag 29.03 til [rokokk@gmail.com](mailto:rokokk@gmail.com) eller 91864091.

Laurdag kjem altså Jazzverket og Vegard Døssland på besøk(Les [HER](#)). Denne kvelden kan ein velja mellom ein heilaftan med trerettars middag og konsert, eller ein kan velja berre middag eller berre konsert. Søndag er det klart for ein ny søndagsmiddag servert på heimekoseleg vis i skåler på bordet, og dersom det vert tomt i skålene før ein er mett, får ein påfyll. Denne søndagen vert det servert lettsalta lammekjøtt med kålrotstappe, lys løksaus og poteter. Og dersert høyrer med og er inkludert. Nam, nam! Til middagen laurdag og søndag må vi også hugsa å bestilla.

Elles nærmar det seg påske. Då har SmakifråOska mykje både kjekt og godt å by på så det er nok lurt å starta planlegginga. De finn det spennande påskeprogrammet ved å klikka [HER](#).([Facebooksida til Smakifrå](#)).

Tekst og nett: Thor Inge Døssland